



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
22/16	Formannskapet	13.04.2016
72/16	Kommunestyret	26.05.2016

Oppnemning av skjønnsmenn til Hordaland fylkesting sitt skjønnsutval

Samandrag av saka:

Fjell kommune skal kome med framlegg til 16 skjønnsmenn + 20 % fleire namn. Hordaland fylkesting vil velje 14 skjønnsmenn til sitt skjønnsutval frå tilrådinga.

Innstilling:

Formannskapet vedtek:

Formannskapet tilrår valnemnda sitt framlegg til kandidatar som skjønnsmenn til Hordaland fylkesting sitt skjønnsutval, jf. justert liste, og legg lista ut til offentleg ettersyn i 2 veker.

Kommunestyret vedtek:

Kommunestyret oppnemnar valnemnda sitt framlegg til kandidatar som skjønnsmenn til Hordaland fylkesting sitt skjønnsutval, jf. justert liste.

Valet gjeld for perioden 01.01.2017 til 31.12.2020

Straume, den 29.02.2016

Steinar Nesse
Rådmann

Lillian Torsvik
servicetorgsjef

Handsama i Formannskapet - 13.04.2016:

Åtte medlemmer behandla saka. Tom Georg Indrevik fekk fritak frå og med sak 22/16.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 13.04.2016:

Formannskapet tilrår valnemnda sitt framlegg til kandidatar som skjønnsmenn til Hordaland fylkekesting sitt skjønnsutval, jf. justert liste, og legg lista ut til offentleg ettersyn i 2 veker.

Handsama i Kommunestyret - 26.05.2016:

Formannskapet si tilråding, med justeringar etter vandelsvurdering, vart **samrøystes** vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016:

Kommunestyret oppnemnar valnemnda sitt framlegg til kandidatar som skjønnsmenn til Hordaland fylkekesting sitt skjønnsutval, jf. justert liste.

Valet gjeld for perioden 01.01.2017 – 31.12.2020.

Dokument vedlagt saka:

Skriv frå Domstoladministrasjonen «Valg av lagrettemedlemmer og meddommere samt skjønnsmedlemer for perioden 1. januar 2017 til 31. desember 2020»

Val av skjønnsmedlemmer 2017 frå Hordaland fylkeskommune

Saksopplysningar:

Generelt om val av lekdommarar til alminnelege domstolar

Vervet som lekdommar, jf. felles nemning for meddommar og lagrettemedlem (jurymedlem), til dei alminnelege domstolar er ei borgarplikt. I saka vert det hovudsakleg ikkje skilt mellom lekdommar / meddommar / lagrettemedlem, og det folkelege omgrepet ”meddommar” vert brukt som felles nemning. Fjell kommune skal velje meddommarar til tingretten, lagmannsretten og jordskifteretten, og fremje framlegg til skjønnsmenn som veljast av fylkeskommunen. Alle utvala skal vere i funksjon frå 1. januar 2017 til 31. desember 2020. Totalt sett skal det veljast kring 140 meddommarar. Til orientering kan *ikkje* same person veljast som meddommar i tingretten og i lagmannsretten, men sjølv om vedkomande vert valt inn som meddommar i éit av desse utvala kan han/ho veljast til jordskifteretten og fremjast som skjønnsmann.

Domstolsadministrasjonen framhevar følgjande punkter ved vala:

- Kommunen må sørge for at utvala vert representative sett i forhold til kommunen sin befolkning
- Kommunen må ta omsyn til alder, etnisk bakgrunn og kultur

På bakgrunn av dette og domstolslova § 67 har Fjell kommune utarbeidd annonse og søknadsskjema til vervet som meddommar i tingretten, lagmannsretten og jordskifteretten, med oppfordring til innbyggjarar i kommunen om å stille som kandidat. Valnemnda har brukt innkomne søknader ved supplerings av lista med kandidatar til verva som meddommar, i tillegg til kandidatar føreslått av valnemnda sjølv.

I følgje domstolslova § 73 skal kommunen kontrollere at ingen veljast i strid med domstolslova §§ **70 – 72** sine krav:

- Norskkunnskap: kandidaten må ha tilstrekkeleg norskkunnskapar, slik at vedkomande kan forstå norsk tale og tekst og uttrykke seg på norsk.
- Personleg eigna: kandidaten må kunne følgje forhandlingar i retten, forstå problemstillingar i saka og gje uttrykk for si meining i saka.
- Alder: kandidaten må vere fylt 21 år før 1. januar 1996 - **NB! Øvre aldersgrense som for dei andre utvala gjeld ikkje for kandidatar til skjønnsmedlemer**
- Statsborgar: kandidaten må vere statsborgar i Noreg eller anna nordisk land, eller stått innført i folkeregisteret som busett i Noreg dei tre siste år før valdagen.
- Bustad: kandidaten må vere registrert i folkeregisteret som busett i Fjell kommune på valdagen.
- Økonomiske forhold: kandidaten kan ikkje vere under offentleg gjeldsforhandling, konkursbehandling eller konkurskarantene på valtidspunktet eller gjennom valperioden. Dersom slike økonomiske forhold er avslutta før valet er dei ikkje til hinder.
- Vandel: kandidaten kan ikkje vere straffedømt, bøtelagt (gjeld ikkje forenkla førelegg) eller sikta. Jf. utfyllande krav i domstolslova § 72. Vandel vert sjekka hos politiet.

- Stilling: kandidaten kan ikkje vere representant i Stortinget, fylkesmann, dommar, tilsett i politiet og kriminalomsorga, advokat, kommunal administrasjonssjef m.m. Jf. utfyllande krav i domstolslova § 71.

Skjønnsmenn til Hordaland fylkesting sitt skjønnsutval

I denne saka skal det oppnemnast skjønnsmenn frå kommunen til Hordaland fylkesting sitt skjønnsutval. Fjell kommune skal tilrå **16 skjønnsmenn** til Hordaland fylkesting. Tilrådinga bør innehalde **20 % fleire namn** enn det som skal veljast i fylkestinget. Hordaland fylkesting er fylkeskommunen sitt øvste styringsorgan.

Oppnemning av skjønnsmenn er fastlagt i skjønnsprosesslova. Domstolslova sine krav ved val gjeld tilsvarande for skjønnsmenn, med unntak av særskilte føresegner i skjønnsprosesslova som:

- Inga øvre aldersgrense, jf. domstolslova § 70, 2.ledd nr 1 gjeld ikkje
- Dei som oppnemnast bør vere kunnige på eit eller fleire områder der det vanlegvis er aktuelt med skjønn. Det vert opplyst frå Domstoladministrasjonen at det i liten grad er bruk for skjønnsmedlemer med alminneleg kompetanse. Det er viktigare med kompetanse knytt til ulike sider av bruk og drift av eigedom, rekneskap i tillegg til innsikt i bygningsvesen og i jord- og skogbruk.
- Kva vedkomande er særleg kunnig i må kome klart fram.

Ved oppnemning bør utvalet få allsidig samansetjing, og kommunen bør prøve å få begge kjønn godt representert.

Den politiske prosessen med å oppnemne skjønnsmenn frå kommunen til Hordaland fylkesting sitt skjønnsutval, startar i valnemnda. *Valnemnda* førebur valet på møte 2. mars 2016. Lista over fungerande skjønnsmenn vert justert i møtet, og om behov supplert med kandidatar frå valnemnda. Valnemnda si justerte liste vert lagt fram for *formannskapet* (valstyret) 13. april. Formannskapet legg framlegg om kandidatar til vervet som skjønnsmenn frå kommunen til Hordaland fylkesting sitt skjønnsutval ut til alminneleg gjennomsyn i 2 veker.

Kandidatane vert varsla undervegs i prosessen, og det vert vist til domstolslova § 74 sin generelle regel – ”helsetilstand; andre særlege grunnar; medlem av et utval av meddommarar i to periodar tidlegare” – for eventuell søknad om fritak som kommunen avgjer. I tillegg vert lista over kandidatar sendt til politiet for vandelsjekk. Søknader om fritak og andre forhold kan såleis takast omsyn til før kommunestyret skal oppnemna skjønnsmenn.

Endeleg saksframlegg med justert liste over kandidatar til vervet som skjønnsmenn til Hordaland fylkesting sitt skjønnsutval vert lagt fram for *kommunestyret* 26. mai 2016. Kommunen sitt framlegg til skjønnsmedlemer må vera sendt Hordaland fylkesting innan 14. juni 2016.